

Fra: Tone Sundklakk <Tone.Sundklakk@Morenett.no>
Sendt: torsdag 16. september 2021 09:37
Til: Postmottak Hareid
Emne: Innspel til Høyring/offentleg ettersyn - Detaljregulering for Hyttefelt Alme - Hareid kommune PlanID 20160002
Vedlegg: Innspel detaljregulering Hyttefelt på Alme i Hareid kommune - planid 20210001

Innspel til Høyring/offentleg ettersyn - Detaljregulering for Hyttefelt Alme - Hareid kommune - PlanID 20160002

Dykkar ref.: 21/122 21/12298
Dykkar dato: 10.09.2021

Vi viser til høyring av detaljregulering av hyttefelt Alme i Hareid kommune.
Mørenett har tidlegare sendt innspel, datert 22.3.2021, til detaljregulering av hyttefelt Alme i samband med oppstart av planarbeidet.
Eg er usikker på om de har mottatt merknaden då eg ikkje kunne sjå Mørenett sine merknader i dokumentet for samla merknader.
Tidlegare innspel er derfor lagt ved e-posten.

Tidlegare innspel frå Mørenett:

Mørenett har ei høgspentlinje i planområdet som utbyggjar må ta omsyn ved planlegging av hyttefeltet. Høgspentlina er ei belagt line og det må ikkje byggast nærmare enn 4 meter frå nærmaste fase. Dersom linja må leggest i kabel, må utbyggjar koste dette.

Utbyggjar må ta kontakt med Mørenett i god tid før utbygging slik at vi kan planlegge straumforsyning til området.

Vennlig hilsen



Tone Sundklakk
Sivilingeniør Nettutvikling
Mørenett AS

+47 70 04 61 54
+47 41 46 33 95
tone.sundklakk@morenett.no

Fra: Tone Sundklakk <Tone.Sundklakk@Morenett.no>
Sendt: måndag 22. mars 2021 12:47
Til: firmapost@sporstol.no
Emne: Innspel detaljregulering Hyttefelt på Alme i Hareid kommune - planid 20210001

Innspel detaljregulering Hyttefelt på Alme i Hareid kommune - planid 20210001

Dykkar ref.: 1879/BS/SS

Dykkardato: 18.02.2021

Mørenett har ei høgspenlinje i planområdet som utbygger må ta omsyn ved planlegging av hyttefeltet.

Høgspenlina er ei belagt line og det må ikkje byggast nærmare enn 4 meter frå nærmaste fase. Dersom linja må leggest i kabel, må utbygger koste dette.

Utbygger må ta kontakt med Mørenett i god tid før utbygging slik at vi kan planlegge straumforsyning til området.

Vennlig hilsen



Tone Sundklakk
Sivilingeniør Nettutvikling
Mørenett AS

+47 70 04 61 54

+47 41 46 33 95

tone.sundklakk@morenett.no

Hareid kommune
Postmottak
6060 HAREID

Vår dato: 22.10.2021
Vår ref.: 202105855-5
Arkiv: 323
Dykkar dato: 10.09.2021
Dykkar ref.: 21/122 - 21/12298

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE sin uttale til offentlig ettersyn av detaljregulering for hyttefelt på Alme i Hareid kommune

Vi viser til brev datert 1.09.2021. Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljregulering for hyttefelt på Alme i Hareid kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for å utvikle området til fritidsbustader m.m. Gjeldande plan vart vedteken i 2017, men det er funne grunnlag for å gjere endringar som utløyser ny planprosess.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndende innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE ga innspel til varsel om planstart i brev datert 15.04.2021. Der peika vi på at planarbeidet burde vurdere om det er forhold som tilseier at det må gjerast nye vurderingar av fare for skred i bratt terreng. Vi viste også til at NVE har utarbeida ny rettleiar for kartlegging av skredfare i bratt terreng, som vi rådde til vart lagt til grunn.

NVE sine merknader til planframlegget

Skredfare i bratt terreng

Det er slik vi les planframlegget ikkje funne grunnlag for å gjere nye vurderingar av skredfare i bratt terreng, og skredfarevurderinga frå 2015 er lagt til grunn for revidert plan.

NVE gjer Hareid kommune merksam på at skredfarevurderinga frå 2015 ikkje har ein kvalitet som er forventa i dag. Vi gjentek at NVE har utarbeidd rettleiar for [kartlegging av skredfare i bratt terreng](#). NVE har som mål at rettleiaren skal vere eit godt hjelpemiddel for kommunar og tiltakshavarar

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



som skal bestille vurderingar, og gi klarare retningslinjer for krav til innhald i rapportane. Rettleiaren stiller m.a. krav til [kompetanse](#) for dei som skal stå for vurderingane, og at kompetansen må dokumenterast. NVE oppmodar kommunen om å setje krav om at rettleiaren vert brukt ved bestilling av konsulentrapportar, samt at rapportane er utarbeidd i samsvar med rettleiaren.

I framlegg til plankart er det regulert omsynssone *Skredfare H310* for eit mindre område i øvre delar av planområdet. Arealføremålet er *Landbruk* i område med skredfare, og i tilhøyrande framlegg til føresegn § 9.2 er det sett forbod mot tiltak innanfor omsynssona.

Når det er kartlagt reell skredfare meiner NVE at plandokumenta må synleggjere fare i samsvar med tryggleikskrava i byggeteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Det kjem ikkje fram av verken føresegn eller plankartet kva sannsyn for skred som er vurdert innanfor omsynssona. Dersom omsynssona representerer fare med største sannsyn på 1/1000, rår NVE til at det kjem klart fram av plandokumenta. Vi rår til følgjande ordlyd for tilhøyrande føresegn;

H310: Skredfaren innanfor omsynssona har større årleg sannsyn enn 1/1000. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 (jf. byggeteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

Grunnforhold

I Breiteig Fjordsenter sin rapport frå 2015 er det gjort ei svært enkel vurdering av massestabilitet i strandsona. Plandokumenta opnar for å etablere molo med utfylling i sjøen.

Planområdet ligg utanfor aktsemdsområde for marin leire, jf. [NVE Atlas](#). NVE har ikkje merknader til tiltaka som er planlagt på land, men vi meiner at vurderingane knytt til tiltak i strandsona og utfylling i sjø er mangelfulle, sjølv om det i gjeldande plan også er opna for slike tiltak.

NVE rettliar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) har på side 18 eit eige kapittel om aktsemd i strandsona. Skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø. Det må difor alltid gjerast grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona. **NVE rår kommunen til å innarbeide krav om dette i føresegnene før slutthandsaming av planen.**

Flodbølge som sekundær verknad av fjellskred

Plandokumenta har sett krav til byggehøgde for å sikre areal mot eventuell flodbølge som følge av eit eventuelt fjellskred frå Åkneset. NVE har ikkje merknad til korleis kravet er innarbeida i plandokumenta.

Overvatn

I følgje ROS-analysen er det ikkje kjende utfordringar knytt til overvatn i planområdet. Ny utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vatn på terrengoverflata (overvatn). Ein slik auke kan i verste fall føre til flaum i byggeområda og eventuelle vassdrag. Det er viktig å vere merksam på at ny utbygging også kan vere til hinder for avrenning



ovanifrå, som igjen kan føre til skader på bygningar og/eller leie overvatnet til stader som ikkje er ynskjeleg.

NVE rår til å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, i hovudsak på overflata. Eit viktig prinsipp er å sikre ei så «naturleg» overvasshandtering som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. De må også avklare og ta omsyn til klimaendringane sin verknad på avrenninga.

NVE meiner at de bør kartlegge eksisterande avrenningslinjer i og ved planområdet. Dersom det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og drying av overvatn innanfor planområdet fordi nedstrøms kapasitet er for dårleg, rår vi til at tiltaka vert innarbeidd i plankartet og føresegnene. Framtidige flaumvegar for trygg avleiing av overvatn bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet.

Vassdragsmiljø - vassuttak

I plandokumenta er det opna for at det skal kunne gjennomførast nye tiltak for å gi tilstrekkeleg vatn til planlagt utbygging. Det er m.a. skissert område for boring av brønn for uttak av grunnvatn. Uttak av grunnvatn er konsesjonspliktig når uttaket går ut over grunneigar si eiga hushald, eller «*overstiger det omfang som er naturleg å drive på slike eiendommer*», jf. vassressurslova § 45 2.ledd b). NVE legg vekt på å samordne vurderinga etter vassressurslova med planhandsaminga, jf. vassressurslova § 20 slik at ein unngår ei eiga konsesjonshandsaming. For å få til denne samordninga er ein avhengig av ein del opplysningar i planen. Følgjande opplysningar viktige når vassuttaket skal vurderast:

- maksimalt vassuttak frå grunnen i liter pr. sekund.
- Skildring av grunnvassmagasinet (brønn i fjell eller lausmassar, influensområde, evne til å avgi vatn eller infiltrasjonskapasitet, nærliggande overflateførekomstar av vatn (myr, vatn, elv).
- Avklaring av kva som finnast av biologisk mangfald i influensområdet
- Hydrologi i influensområdet, dvs. dersom uttaket påverkar vassdrag (nedbørfeltet sin storleik, middelvassføring, alminneleg lågvassføring, variasjon i avrenning over året)
- Vurdering av verknadane på grunnvassførekomsten, vassdrag eller sjø for tiltaket.

NVE meiner at reguleringsplanen må gjere greie for storleiken på planlagt uttak, grunnvassmagasinet sine eigenskapar, influensområde, og eventuelle negative konsekvensar for influensområdet.

Dersom vassuttaket ikkje er avklara i reguleringsplanen må det setjast krav i føresegnene om eigen handsaming etter vassressurslova. **NVE ber om at det alternativt vert innarbeidd rekkefølgekrav om at planlagt vassuttak vert særskilt handsama etter vassressurslova.**

Generelt

NVE ynskjer å få ein betre oversikt på område som er kartlagt for fare, og har oppretta ei løysing for [innmelding](#) av rapportar på vår nettside. Vi oppmodar kommunar om å sende rapportar og farekart for skredfare i bratt terreng, flaumfare og fare for kvikkleireskred. Informasjonen som NVE får inn vil bli brukt til å oppdatere farekarta i [NVE Atlas](#).

Vi ber også kommunane om å sende inn geotekniske rapportar til [NADAG](#) (nasjonal database for grunnundersøkelser), jf. brev frå NVE til kommunane datert 27.11.2019.



Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
21/122 21/12298	10.09.2021	124933/2021/REGULERINGSPLAN/1517	Synnøve Valle, 71 28 02 39	22.10.2021

Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsendring - hyttefelt på Alme - fråsegn til offentlig ettersyn

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.

Saka gjeld reguleringsendring for hyttefelt på Alme.

Ut frå våre ansvarsområde har vi ingen merknader til planframlegget.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen
Kystverket
NVE



Statens vegvesen

HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Silje Heggdal / 48117540

Vår referanse:
21/49450-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.10.2021


Uttale – Høyring offentlig ettersyn – Detaljregulering for Hyttefelt Alme – reguleringsendring – planID 20210001 – Hareid kommune

Vi viser til oversending datert 10.09.2021

Statens vegvesen skal sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar, blir ivaretatt i planlegginga. Vi uttaler oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innan vegtransport.

Saksopplysningar

Planforslaget er ei reguleringsendring for Hyttefelt Alme, vedteke 07.09.2017, som legg til rette for framtidig hytteområde med sjøhus og småbåthamn. Formålet med endringa er at forslagsstillar ynskjer ei meir rasjonell utbygging enn det gjeldande plan opnar for. Hovudmålsettinga med endringa er mellom anna å redusere fysiske terreng- og miljøinngrep, mogleggjere allmennferdsel langs heile strandlinja og å etablere tomter med tilpassa (mindre) størrelse. Reguleringsendringa vil erstatte gjeldande plan for området.



Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Våre innspel til planforslaget

Våre innspel til varsel om oppstart vedrørende vertikalprofil, fartsendring og målsetting av friskt er vurdert og svart ut i planomtalen. Vi har med det ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Transportforvaltning midt 2

Med helsing

Linda Heimen

Seksjonssjef

Silje Heggdal

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE



KYSTVERKET

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6090 Hareid

Vår ref
2021/4127-5

Arkiv nr

Sakshandsamar
Børre Tennfjord

Dato
18.10.2021

Uttale til høyring og offentlig ettersyn av endring i Detaljregulering for Hyttefelt Alme - Hareid kommune - Møre og Romsdal fylke.

Kystverket er eit direktorat i Samferdselsdepartementet og ein nasjonal etat for kystforvalting, sjøsikring og beredskap mot akutt forureining. Vi arbeidar aktivt for ein effektiv og sikker sjøtransport gjennom å ivareta transportnæringa sine behov for framkome og ein berekraftig utvikling av kystsona. Vi opptrer som eigar og forvaltar av farleisinntallasjonar, fyr og merke og medverkar som statleg fagstyresmakt med sektoransvar i sjøarealet, medrekna det å legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg drift av hamner og bruk av farvatnet.

Vi syner til brev datert 10.09.2021 med forslag til endring av Detaljregulering for Hyttefelt Alme i Hareid kommune. Framlegget er sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova sine §§ 12-10, 12-11 og 12-14.

Planen sitt føremål

Planområdet måler om lag 37 daa, inkludert 8 daa sjøareal. Forslagsstillar, Norwegian Fjords Holiday AS, har teke over området på Alme og er no i gang med å utvikle det vidare. Det er ønskjeleg med endringar i den godkjente planen som legg til rette for meir rasjonell utbygging. Dette er endringar som ikkje går ut over hovudrammene i planen. Hovudmålsettinga med endringa er mellom anna å redusere både dei fysiske terreng- og miljøinngrepa, samt mogleggjere ållmenn ferdsel langs heile strandlina, irekna det å etablere tomter med tilpassa storleik.

Planen skal utviklast som detaljregulering og er stort sett samsvarande med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplan for området.

Planstatus

Kommuneplanen sin arealdel 2012–2024 for Hareid kommune, vedteken i 2012.
Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2006-2018, vedteken i 2006.
Gjeldande reguleringsplan for Hyttefelt på Alme, vedteken i 2017.


Nasjonale forventingar til planlegginga

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vart vedteken den 14. mai 2019. Når Hareid kommune går gjennom det aktuelle planforslaget, er det i ein forståing om at nasjonale

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



forventingar til planlegginga vert følgd opp. Føremålet med dette er å sikre at planane er oppdatert, relevant og møter framtida sine behov gjennom ein nasjonal og felles målsetting.

Kystverket sine høyringsinnspel

Kystverket har ansvaret for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging* og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar, vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som eigar og forvaltar av farleisinstallasjonar, fyr og merke og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar i sjøarealet, irekna det å legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg drift av hamn og bruk av farvatnet/sjøtransport.

Nasjonale bindingar

Reguleringa og gjennomføringsprosessen må innrette seg til grenseflate mot sjø i *Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen* (F28.05.2021 nr. 1666), fastsett ved kgl.res. av 21.mai 2021, jfr. plan- og bygningsloven av 27.juni 2008 nr 71 § 6-2.

- Vi oppfattar ikkje at planforslaget er i konflikt med desse føresetnadene og legg til grunn ein ålmenngjering av arealet i strandsona gjennom framlagd plan m/føresegner.

Reguleringa er bunden til å følgje kommuneplanen sin arealdel for det som gjeld hovudføremål, også for det som vedkjem sjøarealet og bindingar i gjeldande planføresegner.

- Planforslaget legg overordna plan til grunn for utnyttinga av sjøarealet.

Planomtale m.m.

Plan- og bygningslova sin § 4-2 setter krav om at alle planar etter lova skal ha ein planomtale som forklarar planen sitt føremål, hovudinnhald og verknadar, samt planen sitt tilhøve til rammer og retningslinjer som gjeld for området.

- Vi har gått gjennom framlagte planomtale av reguleringsforslaget og aktualisert denne til eigedomen gnr.60, bnr.3, 32 og 33 på Alme i Hareid kommune. Sjølve omtalen er ein relativt omfattande vurdering av planområdet sin avgrensing og status, føremålet med planarbeidet, aktuelle aktørar og korleis planmedverknaden har vore gjennomført. Planomtalen svarar ut planinitiativet på ein grei måte.
- Som del av planomtalen ligg det føre ein tidlegare konsekvensutgreiing datert 20.06.2017 i høve tidlegare framlagt regulering for området. Fleire vurderingstema er teke med der. Dokumentet er godt gjennomarbeida og legg til grunn ein gjennomgang av verknadar knytt til eksisterande plan. Dette blir å fylgje opp gjennom etterfølgjande kommentarar. Manglane/konsekvensane er ikkje av ein slik karakter eller omfang at dei fører med seg motsegn. Det vert elles synt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin veileder frå februar 2020 om Konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven.

Generelle konsekvensar

Etablering av tiltak i eller nær sjø kan få følgje for sikring og ferdsel i farvatnet. Gjennom planmedverknaden vil vurderinga av om planforslaget eller tiltak kan få konsekvensar for hovud- eller bilei, vere sentralt for Kystverket.

- Vi ser ikkje at tiltaket har nokon konsekvens for farleistrukturen eller –bruk, berre lokal verknad på ruta inn til Naustvika.

Hamnestruktur og drift

Den nasjonale hamnestrukturen legg føringar for statleg engasjement og framtidige statlege investeringar i det nasjonale godstransportsystemet. Kystverket skal medverke til at planar legg grunnlaget for å auke godsmengda som vert transportert sjøvegen.

- Planen sin tilrettelegging av småbåthamna i Naustvika påverkar i liten grad det statlege behovet for tilrettelegging av eit nasjonalt system for godshandtering. Planen har ikkje føringar som påverkar det statlege engasjementet om auking av godsdelen til sjø.

Framlagd bruk av farvatnet

Kystverket må så tidleg som mogeleg i planprosessane, bidra til at eit planforslag sikrar tilstrekkeleg areal for trygg seglas for sjøtrafikken.

- Vi ser av planforslaget at det er lagt vekt på å tilretteleggje dei planaktuelle farvassområda med hovudkategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandline. Føremåla som vert lagt til grunn er etablering av ei småbåthamn og eit friluftsområde i sjø med tilhøyrande omsynssone. Innretninga og bruken av farvatnet er samstemmande med dei faktiske tilhøva og syner til ein tilpassa bruk av småbåtar/fritidsfartøy.

Framlagd bruk i strandsona

- Strandsona er framlagd regulert til fleire utbyggingsområde i tillegg til ein utvida bruk til friområde. Føresegnene, saman med planen gir føresetnader for ein god bruksrelasjon og er i stor grad ålmenngjerande.

Risiko og sårbarheit

I planarbeidet må ein sjå om det er behov for vurderingar omkring samfunnstryggleik og forureiningsfare knytt til ulukker/uhell i dei tilstøytande sjøområda og kva dei påreknelege konsekvensane vil vere for næringsinteresser, samfunn og natur.

- Planforslaget har ein eigen ROS-vurdering som er tilfredsstillande for å kunne gjennomføre den aktuelle utbygginga med dimensjonerte og avbøtande tiltak. Ingen ytterlegare merknadar.

Vi syner til kommentarane tekne inn i dette dokumentet.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Børre Tennfjord
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakarar:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Norges vassdrags- og energidirektorat Midt-Norge
Statens Vegvesen Transport Midt
Fiskeridirektoratet Region Midt

Postboks 2520
Postboks 2500
Postboks 5091, Majorstuen
Postboks 8142 Dep.
Postboks 185 Sentrum

6404 MOLDE
6404 MOLDE
0301 OSLO
0033 OSLO
5804 BERGEN

Vedlegg:



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Dato: 22.10.2021
Vår ref: 21/03297-4
Deres ref:

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av endring av detaljregulering for Hyttefelt på Alme gbnr. 60/3 m.fl. i Hareid kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 9. september 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om planen

Planforslaget er ei reguleringsendring for Hyttefelt Alme. Føremålet med endringa er at forslagsstillar ynskjer ei meir rasjonell utbygging enn det gjeldande plan legg opp til.

Fråsegn frå DMF

DMF viser til vår fråsegn til varsel om oppstart av reguleringsendring, datert 06.04.2021 (Vår ref: 21/03297-2), der DMF ber om at plandokumenta gjer greie for føremålet med uttaket, uttaksområde, antatt volum, type massar som det planleggast å ta ut og tidsperspektivet for uttak av masser. Vi anbefala også at det vert gjort greie for om massane er eigna til utfyllingsføremålet.

I planomtala punkt 5.9 står det at planlagt vegutbygging og moloutbygging truleg vil generere eit underskot i høve steinmassar, og at det er grunn til å tru at uttak av stein frå hyttetomtene vil generere steinmassar som også kan nyttast i moloen slik at ein kan redusere mengder frakta massar frå eksternt steinbrot. Til slutt står det at nærare avklaring kring uttaksområde, volum og tidsperspektiv vil gjerast i samband med byggesøknad. Ein vil då også vurdere om tiltaket kjem inn under minerallova det er sett krav om dette i føresegnene § 2e.

Tolkinga av reglane og den planlagde saksgangen i planomtala, er ikkje i tråd med korleis det vurderast om uttak vert omfatta av minerallova. Det er DMF som er



myndigheit og avgjer om noko fell inn under minerallovas verkeområde.¹ Informasjon om uttaksområde, volum, type massar, tidsperspektiv og vurdering av om massane er eigna til utfyllingsføremålet bør difor avklarast i plandokumenta, eller ved at tiltakshavar tek direkte kontakt med DMF for å avklare om minerallova gjeld for uttak knytt til føreslegne tiltak.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Gabriella Fure Briceno
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Gabriella Fure Briceno

Mottakarar:

Hareid kommune

Rådhusplassen 5

6060 HAREID

Kopi til:

¹ Jf. minerallova § 3 tredje ledd 2. pkt og Ot.prp.nr.43 (2008-2009) s. 130



HERØY KOMMUNE
Landbruk

Landbrukskontor for Herøy – Ulstein – Hareid

Hareid kommune

Vår referanse
21/853 21/14296

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Anne Kathrine Løberg

Dato
22.10.2021

Merknad til detaljregulering for Hyttefelt Alme - planident 2021001

Med bakgrunn i våre saksfelt har vi ingen merknad til reguleringsendringa.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar landbruk

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur



HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Hareid kommune

Detaljregulering for Hyttefelt Alme - reguleringsendring

Høyring - offentlig ettersyn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Reguleringsendring for reguleringsplan for hyttefelt Alme er lagt fram til offentlig ettersyn. Føremålet med endringa er eit ønske om ei meir rasjonell utbygging enn gjeldande plan legg opp til. Planområdet er på om lag 37,5 dekar, der om lag 5,2 dekar utgjer sjøareal.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

ROS-analysen har avdekka potensiell skredfare i området. Reell skredfare er kartlagt av Breiteig Fjordsenter. Den geologiske vurderinga frå 2015 konkluderer med at planområdet har tilstrekkeleg tryggleik for S2-tiltak. Samtidig ser vi at Breiteig Fjordsenter tilrår at ein del av planområdet visast som omsynssone i plankartet. Dette er gjort, og det er knytt ei føresegn til omsynssona som seier at det ikkje skal plasserast tiltak innanfor sona. Det kjem ikkje fram av ROS-analysen, planomtalen eller planføresegnene kva skredfare omsynssona syner. Vi føreset at det er 1000-årsskredet ettersom skredfarerapporten har vurdert planområdet med omsyn til tilstrekkeleg tryggleik for S2-tiltak. Vi ber om at planføresegna knytt til omsynssona presiserer kva skredfare sona dekker.

Vi merkar oss vidare at det er gjort ei enkel vurdering av massestabilitet i strandsona. Sidan vurderinga vart gjort i 2015 har NVE oppdatert sin rettleiar «Sikkerhet mot kvikkleireskred». Rettleiaren har eit kapittel som omhandlar aktsemd i strandsona. Mellom anna står det at det alltid må gjerast grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og

stabilitet for tiltak i strandsona. Kommunen må sikre tilstrekkeleg tryggleik for planlagde tiltak i strandsona i tråd med føringane til NVE.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf.: 71 25 84 15

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Fylkeshuset

Postboks 2500

6404

6404

MOLDE

MOLDE